




Bondeungdomslaget

*„Eit ljøs som ei tok ende
med Jesus han oss sende,
eit ljøs med liosens glans!“*



Bondeungdomslaget




- LAGSBLAD -

Nr. 8

Desember 1936

19 året

Joleynske — fredsynske.





Jol nærmar seg att. Piskande regndriv i stormjaga byor under ein sundriven himmel, har vore vêrbiletet dei siste dagane. Og i all denne væta og søla skal me freista å passa inn ei jolestemming med snø og stjerneklår himmel, med ôm frå kimande kyrkje-klokkor.

Like vandt er det å finna jolestemming frå verdsbiletet idag. Same urolige himmelen møter oss og her, med lufti sundflerra av granat- og bombesnell, og kulesprøitone knitrande like ofte som hagli trummar på vindaugo hjå oss. Strid og uro er dei rådande sermerke ute i verdi idag, og ingen

veit kor langt undan ein ny heimskrig er. Stormaktene rustar som aldri før, og rett som det er høyrer ein um nye sterkare giftgassar, kulesprøytor som kan senda fleire kulor i minuttet, større og sikrare flygemaskinor, og mange andre forbetringar på krigsumkvervet.

Likevel vil alle statane fred. Ifjor såg jamvel Italia seg nøydd til å leggja Etiopia under seg, då dei såg ein stor fåre for freden ved å lata dei styra seg sjølve. Og i dette store komediespelet, der dei fekk Folkesambandet til å spela ei av dei største rollone, fekk Etiopia læra den Europeiske sivi-



lisasjonen å kjenna. Som eit døme på kor langt høgre me står i Europa, fann Folkesambandet det naudsynt å nekta dei å vera med i sambandet i år.

Dette er vel det største vonbrot fredsvenene har havt, og det kann vera naudsynt å sjå etter andre utvegar til å tryggja freden. Ser ein etter på andre sida, d. v. s. hjå krigsvenene, so finn ein at det i store drag er personlege interessor hjå dei styrande som er den drivande kraft for å få til krig. Som no t. d. nyleg avlidne oppfinnareren av systemet å selja våpen til bae krigførande partar. Her står me framfor ei reint forretningsgrunna krigføring. Og pålag all krig som me har idag er av dette opphav. Det er fortalt at i siste heimskrigen kalkulerte våpenfabrikantane med so og so stor vinst på kvar soldat, altso var det um å gjera å få so mange soldatar ut som råd var. Like til Europa var so utpint at det ikkje var meir å tena på det.

Fyrst då var det på tid å slutta krigen.

Skal me ha von um å få ein jolefred i ordet si rette tyding, må me sjå å koma burt frå all rustningskapital og -industri. Til dette er det lang veg, og me må slett ikkje tru at me utan vidare kann gå til vedkomande våpenfabrikant å segja at no får han vera so god ikkje å laga fleire kanonor. Nei, me må fyrst gå til oss sjølve og reinska litt upp der. *Den dagen då me skammar oss yver å tena pengar på krigskonjunkturen, den dagen er me på god veg med fredssaki.* Får me denne anden inn i folkemassen, vil krigen ikkje finna nokon lønande grobotn, og ei forretning som ikkje løner seg er det ikkje mange som er huga på.

Lat oss alle gjera vårt beste for på denne måten å ofra litt for fredssaki. Me får då i alle høve sjølve ei gleda ved å ha gjort noko godt. Og vegen vil verta lettare mot jolebodskapen sitt store mål: *Fred på jordi!* O.

Jolesong.

*V*ert ljøs! Det er det store,
det ævelege ordet
av Herrens eigen munn,
som sprengde skoddeimen,
og lyste upp i heimen
og lokka liv av aude grunn.

*Eit ljøs som ei tok ende
med Jøsus han oss sende,
eit ljøs med livsens glans!
Som æveleg kan stråle
og leida oss til målet.
Frå dauden inn til livet hans.*

*Vert ljøs! er Herrens tankar
med kvar ei sjel som vankar,
som tendra vert på jord.
Vår Gud er ljøsens Fader
som kveikte stjernerader
og sol og måne med sitt ord.*

*Vert ljøs med strålar klåre
i alle hjarto såre
som gret i sorg og harm,
for deim som veglaust vankar,
i kalde skoddebankar,
lat soli renna mild og varm.*

*Guds Ande leide alle
fram mot det høge kallet
Han hev oss alle sett,
at sjelene med æra
kann Himlens билет bera
som morgondogg mot solarsprett.*

A. HOVDEN.

Norsklynd ungdom for fred.

Fred på jorda! det var jolebodskapen åt manneætta i nittan hundradår og meir. Og menneskja fylgde bodet slik at dei nå nett er ferduge med *ein* heimskrig og bur seg på den næste. Ungdomen marsjerar i alle land, marsjerar, marsjerar, solskinet leikar seg over stålhjelmrekkjor og blenkjer i børsepipor, mitraljøse-eld knitrar og tanks bryt seg tungt fram over åker og eng. Det gjeld vera budd på å drepa for Gud og fedrelandet.

— Kvifor skal *me* tenkja på slikt no idag? Dette er då *Noreg*, det fine, fredelege, nøytrale landet, ikkje er *me* krigsgalne fastlendingar. Dessuten er det jol no, treet er tendt i stova, det luktar ribbe frå kjøkenet og fuglane kvitrar i kornbandet, klokka kling frå tusund tårn, og no vil me taka i ring og syngja. Ho Vesle-Brit er alt på veg rundt treet åleine og syng av full hals: Fred på jord, fryd på jord!

Det fins sakte vonde menneske i verda, som maktgir og hat driv mot krig. Men *me* tenkjer aldri på anna enn fred og fager ferd. No kjem me, Vesle-Brit!

. . . Berre ein liten merknad: Idag kveikjer dei joleljøs i andre land og. Unge og gamle kjem saman til fest, det blenkjer i barneaugo. Og kor ein spurde, vilde ein få same svaret: *Me* tenkjer aldri på anna enn fred og fager ferd.

Det er alltid *dei andre* som vil det vonde. —

Sidan verda no ein gong er slik, må me norske, nøytrale, og vera budde på å verja freden med våpen i hand. *Mot* fienden. Ungdom, har du ikkje mot og mannskap, eldhug og idealisme til å drepa for landet ditt eller klassen din? Borgar, sparer du på skillingen i tider som desse når du ser at snart all ungdom i andre land er likare til å drepa enn våre?

. . . Kven er dei no, dei andre, dei fårlege, dei vonde, fienden?

Det er millom andre kameratflokkene min. Dei som arbeidde sida om sida uppe millom Alpene for å gjera ein liten landsby buande att for folk, der skredet hadde gått. Som song og spela saman ved peisen i svarte sumarkvelden. Som skildest som vener for livet. — No marsjerar dei i heimlandet sitt, tramp, tramp, takt tvo! det er Ernst og Rudi og Robert i Tyskland, det er François og Jean og Roland i Frankrike, det er Alvaro i Spania og Angelo i Italia. Juozas i Lithauen og Jiri i Tsjekkoslovakia, Alfred i Austerrik og Aladar i Ungarn, det er Mircea i Rumenia og Ramon i Polen, Ratcho i Bulgaria og Sepp i Sveits. Tramp, tramp, takt tvo! Det er kameratflokkene som lærer korleis dei kan drepa kvarandre for Gud og fedrelandet. Det er kameratane sine som Egon i Danmark og Sven-Olof i Sverik, som norske Einar og Jon skal verja mor si mot. . . . Er det *marsjeringa* norsk ungdom skal gå inn for idag? Er det som

gode soldatar frilynd, vaken ungdom skal byggja og tryggja norsk kultur?

Lat oss ikkje tru *det*. Me skulde vel ha ei onnor oppgåve, me norske. Tilhøva i dei fleste andre europeiske landa er fløkt heilt inn i kvarandre, dei har store vanskar å stri med på alle kantar. *Me* fekk oss eit fagert land, langt burte frå det urolege Europacentret. Betre høve enn dei fleste til å byggja landet i fredeleg framvokster. Det er der me skal setja kreftene inn. Når det gjeld krigsskip og kanonor og granatar og gass, kann me ikkje tevla kor som er, so det er best me let det vera. Men *kulturelt* skal me greia oss, og kanskje kunde me på dette umkvervet bli så mektuge at me nett som i gamle dagar førde kraft til andre. Me har alt gjort noko då me gav verda Fridtjof Nansen. Det trengst mange som han.

Norsklynd ungdom må setja all si kraft inn på å skape ein folkevilje for fred. Ein fredsvilje som når langt ut over landgrensone og syner at det finst land i verda enno som torer vera seg sjølv, og ikkje berre seg sjølv nok.

Det arbeidet er det kyrkjeklokkone skal minna oss om og mana oss til kvar jolehelg på ny, når jolebodskapen kling ut over by og bygd:

Fred på jorda! I. S.

Nyårs-festen.

Som vanleg vert det skipa til fest nyårsaftan i B.ul. Me har vendt oss til formannen i festnemnda, Anton Ree.

Kva nytt har du å melda kring nyårsfesten, utan det sjølvsagde, at denne nyårsfesten vert den grummaste som har vore på mange år?

Jau! Nemnda har svære ting i gjære. Festtalen vert t. d. nett slik han skal vera. Musikken skal verta reint make-laus, og maten vil rett og slett koma i ei klasse for seg. Programmet elles skal vera ein løyndom til so lenge. Men so mykje kann segjast, læt formannen, at Bondeguten kjem i minst *two* nummer. Alle som kann føra penn i B.ul. har lova leggja ut. Og det er noko som tel det. — Det vert elles upplesing, song og musikk, leik og anna. Det «andre» kjem til å få ein høveleg breid plass.

Festen vert berre for lagsfolk. Skulde det likevel vera ein eller annan som ventar ein kjenning til byen, eller kanhenda har ein god ven eller veninne han gjerne vil ha med på festen, vil nok formannen i nemnda i sume høve gjera undantak.

Tilslutt vil me råda alle lagsfolk til å gå på festen. Det vil visseleg verta ei både gild og stemningsfull nyårsnatt.

Den fyrste! . .

Mange målfolk hadde møtt fram i Johanneskyrkja sundag 22 november. Det kann nok vera at sume til å byrja med var noko spent på korleis soknepresten vilde greida nynorsken, men det varde ikkje lenge fyrr spenningi var yver, og ein kjende seg heime og

kunde vera med i messa, slik som det skal vera når me er i kyrkja.

Etter preika var det ofring til arbeidet i kyrkjelyden, og då var det mange frå andre kyrkjelydar som var med i ofringi. Det var sikkert avdi dei var takksame for det dei hadde fått i Johanneskyrkja den dagen.

Endeleg er me komme so langt i Stavanger at me i ei av kyrkjone i byen skal få 3 heilnorske messor um året utan at me treng senda søknad um det fyreåt kvar gong. 22 november 1936 var difor ein merkedag i Stavanger kyrkjesoga. Då var det nok fyrste gongen etter at Luthers læra vart innført her, at soknepresten til ei av kyrkjone i Stavanger heldt heilnorsk messa i kyrkja si. Det ljosnar då litt, og me lyt vona at det snart vert fleire heilnorske messor um året i Johanneskyrkja, og at dei andre soknerådi i byen og kann koma so langt at dei skynar kva verd det har ogso for kyrkja at folk kann få høyra um Guds store gjerningar på sitt eige mål.

M. L. Borrevik.

Etterdøningar frå årsfesten.

Me har kome under vêr med at sume lagsfolk har teke seg nær av noko av det me skreiv frå årsfesten. Det var dei orda um at det var godt *dei heldt seg heime slike folk ein helst ikkje såg på festane i B.ul.*

Desse orda var sjølvsagt ikkje mynta på nokon av *lagsfolka*. Me kann ikkje tenkja oss at nokon skulde ha grunn til å tenkja soleis.

Men på den andre sida er det kjendt nok for alle som går jamt på festane i B.ul., at det ofte har kome ikkje-lagsfolk som har gjort samkomone våre ugilde for mange medlemmer. Det var folk av *det* slaget me var so fri å takka fordi dei denne gongen ikkje kom.

Og i det stykke har me visseleg storhopen av lagsfolket med oss.

J. H.

Stemna åt Noregs ungdomslag

skal vera her i byen til sumars — som alle venteleg kjenner til. Det vert visseleg ei storhending som vil koma til å setja kveik i ungdomsarbeidet vårt i heile fylket og vidare med.

No gjeld det berre um at lagsfolka i B.ul. i samla fylking vert med i det fyrebuingsarbeidet som skal til for å gjera stemna til det ho er tenkt: *Ei stormønstring av kva Noregs ungdomslag har drive det til og kva samskipnaden er idag.*

Styret i B.ul. har sett upp desse nemndene i tilføre årsmøte:

Husværenemnd: Torgils Våge, Krn. Meland, Tora Hatteland, Tora Vignes, Julie Ryen og Olav Nævdal.

Tilskipingsnemnd: Einar Nordaker, Johs. Hatteland, O. A. Vestbø, Erik Ryen, Nelly Husebø, Ingeleiv Eikeland, Dagfrid Hatleskog og Bergljot Hodnesdal.

Festnemnd: Lars Bø, Peter Molaug, Carl Hatteland, Edvard Ledål, Elisabeth Strandenæs, Bergit Vik og Gyda Reed.

Hovudnemnd: Formannen i laget og formennene i husværenemndi, tilskipingsnemndi og festnemndi.



S O M A
ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg!

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm
utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Økonoms gård
Klubgaten 4

Kjøp bøker
og papir

i Nygaten 2
øverste hjørnehus

K. O P S A N G E R
BOKHANDEL — PAPIRFORRETNING

Stendig fram.

Slik har det gått med Andvake. Målfolket i Rogaland kan trygt vera med. Bonus utskift sidan 1928. Umbodsmenn i Stavanger: Magnus Våge, Gunhild Bjerkreim, Øystein Eskeland, L. Torgersen, Lars Bjørheim.

Det vilde venteleg vera tenleg å tala med ein av dei um trygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.



*Byens største utvalg i Musikkinstrumenter
Radioapparater i godt utvalg
Avbetaling innrømmes*

H. T. RUUD A.S., Kirkegt. 40

Stavanger Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f


Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/S

Klostergården - Telef. 2645

*Elektrisk Forretning
Radioapparater*



Engelsmindegaten 15 - Telefon 3119

Lars Bø

Elektrisk
installasjonsforretning

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

Etablert 1828

Kjøtt- og Pølseforretning

Belysningskunst



Spør etter teikningar
og yverslag.

A. Edvardsen Selvik
Cicelør - Verkstad Hetlandsgt. 45

=====**BRYNE**=====


JONAS JØRSTADS BOKHANDEL

=====
FOTOGRAFISK FORRETNING

STORT BOKLAGER
Nynorsk - Bokmål

Kodak fotoapparat
Kodak film

Framkalling, kopiering



„SVITHUN“ er den beste sykkel
Avbetaling innrømmes

MASKINHUSET A.S
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabrikker
Yderst lave priser
Best - billigst.
En detail - en gros

O. THORSNÆS

STAVANGER
KIRKEGATEN 42 TELEFON 3690

J. ØSTEBØ
STAVANGER
Verksgt. 2 - Telefon 1873

Parafin hengelampor
Elektriske ljosekronor
Steinty - Postelin - Glasvaror
En gros - En detail

Ingi gáva

pryðer

som blommar frá

Blomsterhallen

ALT I
HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn	Norgesgarn
Tvinggarn	Plantef. garn
Glitregarn	Slumregarn
Grefegarn	



BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland
Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa
Brus • Selters • Bocco • Söt og
sur saft Eplesaft • Vyrterøl

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



1/3 MARGARINCENTRALEN